



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Forvaltningsstyret  
**Møtestad:** Austefjorden, Rådhuset  
**Dato:** 10.05.2016  
**Tid:** 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Magnar Sunde	Leiar	AP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hans Peter Eidseflot	Magnar Sunde	SP
Milan Ilic	Lina Marie Bjørkedal	AP
Elisabeth Velle Høidal	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Liv Bente Viddal	Landbrukskontoret Ørsta Volda, sak PS 36/16
Roger Nedreklepp	Fagansvarleg skogbruk, landbrukskontoret Ørsta Volda, sak PS 37/16 - 39/16
Børild Skåra	Rådgjevar landbrukskontoret Ørsta Volda, sak PS 40/16
Heidi Istad	Planleggar, sak PS 41/16 og 42/16
Per Heltne	Planleggar, sak PS 43/16 - 47/16

Det var åtte røysteføre til stades då møtet vart sett. Milan Ilic møtte etter synfaringa i sak PS 36/16, og det var då ni røysteføre til stades i framhald av møtet.

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 34/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 35/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 36/16	<b>1519 gbr 66/2 - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Hilde Skaare Fossheim og Jostein Fossheim - klage på avslag om konsesjon</b>
PS 37/16	<b>Tildeling av fellingsløyve etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt</b>
PS 38/16	<b>Bestandsplan for hjortevilt i Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald 2016-2020</b>
PS 39/16	<b>Bygging av landbruksveg - Lisjelidvegen - gbr 89/1 i Kilsfjord</b>
PS 40/16	<b>1519 gbr 12/3 - søknad om deling av tomt med våningshus - handsaming etter jordlova § 12</b>
PS 41/16	<b>Dispensasjon frå kommuneplan og pb. § 1-8 - Gbr 2/79 - flytting av steinvor - utlegging av flytebrygge</b>
PS 42/16	<b>Dispensasjon frå kommuneplan - Gbr 27/1 oppføring av naust</b>
PS 43/16	<b>Gbr 6/25 og 26 - Berkvika - vorar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar</b>
PS 44/16	<b>Gbr 30/194, 304 - Utbygging av Coop-Byggmix på Rotset - justert situasjonsplan -dispensasjon i høve til gjeldande plan.</b>
PS 45/16	<b>Gbr 34/2 - deling og oppmålingsforretning - tilleggsareal dispensasjon frå plankrav</b>
PS 46/16	<b>Gbr 105/2 - Tilbygg til hytte i Folkestaddalen - dispensasjon frå kommuneplan</b>
PS 47/16	<b>Gbr 157/5 Deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning- Dispensasjon frå plankrav</b>

## **PS 34/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 35/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte den 12.04.16 vart samrøystes godkjent.

## **PS 36/16 1519 gbr 66/2 - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Hilde Skaare Fossheim og Jostein Fossheim - klage på avslag om konsesjon**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret viser til klage datert 06.03.16, på vedtak i sak 15/16. Forvaltningsstyret viser til nye opplysningar i saka, og konsesjonslova § 1, 9 og 11, og gir konsesjon til Hilde Skaare Fossheim, fødd 08.10.63, og Jostein Fossheim, fødd 27.04.59, på gnr. 66 bnr. 2 i Volda kommune. Vilkår for konsesjonen er at eigedomen skal vere tilleggsareal til eige gardsbruk, gnr. 48 bnr. 4 og gnr. 72 bnr. 3. Busetjingsomsynet har stor vekt i Austefjorden, og det vert sett vilkår om at gnr. 66 bnr. 2 skal vere busett, anten ved personleg buplikt i 5 år, eller ved upersonleg buplikt i minimum 10 år. Det vert sett frist med å oppfylle buplikta til 01.07.2018.*

### **Handsaming:**

Det vart fyrste halde synfaring i saka.

Åshild Vik, SV, og Hans Peter Eidseflot, SP, kom med fylgjande fellesframlegg som alternativ til tilrådinga:

- 1. Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gi konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Volda.*
- 2. Forvaltningsstyret ønsker å stimulere til busetting/tilflytting på bygdene og kan ikkje sjå at ein konsesjon her vil føre til det. Forvaltningsstyret ynskjer å oppretthalde eigedomen som eit sjølvstendig bruk. Austefjordområdet har hatt vesentleg nedgang i folketalet siste åra, og det å oppretthalde eigedomen som sjølvstendig bruk vert difor vurdert som viktig.*

Elisabeth Velle Høydal, H, kom med framlegg om endre fristen med å oppfylle buplikta til 01.07.2019.

### **Røysting:**

Framlegget frå Åshild Vik og Hans Peter Eidseflot fekk seks røyster og vart vedteke. Tre røysta mot (Høidal, Koppen og Kvangarsnes). Då framlegget fekk fleirtal, vart det ikkje røysta over tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Elisabeth Velle Høidal.

#### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016**

- 1. Forvaltningsstyret finn ikkje å kunne gi konsesjon på gnr. 66 bnr. 2 i Volda.*
- 2. Forvaltningsstyret ønsker å stimulere til busetting/tilflytting på bygdene og kan ikkje sjå at ein konsesjon her vil føre til det. Forvaltningsstyret ynskjer å oppretthalde eigedomen som eit sjølvstendig bruk. Austeffjordområdet har hatt vesentleg nedgang i folketalet siste åra, og det å oppretthalde eigedomen som sjølvstendig bruk vert difor vurdert som viktig.*

#### **PS 37/16 Tildeling av fellingsløyve etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Tildeling av fellingsløyve etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.*

*Hjortevald som ikkje har fleirårig bestandsplan skal ha tildeling av fellingsløyve etter §18 om målretta avskyting heimla i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (av jan. 2016).*

*Forvaltningsstyret godkjenner tildelinga for hjortevalda for 2016 som er opplista i saksutgreiinga:*

*Hjortevald 007 Liaskar/Egset, 010 Åmelfot/Mårstøyl, 013 Driveklepp, 014 Rotset, 015 Steinsvik, 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal, 017 Nordal/Klepp/Strand, 018 Halkjelsvik, 019 Åmelfot indre, 020 Bratteberg og 022 Mek/Krumsvik.*

*Tildeling etter §18 skal vere etter kategori kalv(1/2 år), vakse hodyr(1 ½ år og eldre), spissbukk og vakse hanndyr(1 1/2 år og eldre) for det enkelte vald.*

**Handsaming:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016**

*Tildeling av fellingsløyve etter §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.*

*Hjortevald som ikkje har fleirårig bestandsplan skal ha tildeling av fellingsløyve etter §18 om målretta avskyting heimla i Forskrift om forvaltning av hjortevilt (av jan. 2016).*

*Forvaltningsstyret godkjenner tildelinga for hjortevalda for 2016 som er opplista i saksutgreiinga:*

***Hjortevald 007 Liaskar/Egset, 010 Åmelfot/Mårstøyl, 013 Driveklepp, 014 Rotset, 015 Steinsvik, 016 Åmelfotseter/Åmelfotdal, 017 Nordal/Klepp/Strand, 018 Halkjelsvik, 019 Åmelfot indre, 020 Bratteberg og 022 Mek/Krumsvik.***

*Tildeling etter §18 skal vere etter kategori kalv(1/2 år), vakse hodyr(1 ½ år og eldre), spissbukk og vakse hanndyr(1 1/2 år og eldre) for det enkelte vald.*

## **PS 38/16 Bestandsplan for hjortevilt i Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald 2016-2020**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret godkjenner framlagde bestandsplan for hjort for Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald for perioden 2016 - 2020. Kommunen føreset at valdet oppnår målsettinga om felling på kategori dyr i samsvar med eigen plan og avskytingsavtalen med Volda kommune.*

### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016**

***Forvaltningsstyret godkjenner framlagde bestandsplan for hjort for Ytre Dalsfjord Utmarkslag Storvald for perioden 2016 - 2020. Kommunen føreset at valdet oppnår målsettinga om felling på kategori dyr i samsvar med eigen plan og avskytingsavtalen med Volda kommune.***

## **PS 39/16 Bygging av landbruksveg - Lisjelidvegen - gbr 89/1 i Kilsfjord**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret viser til søknad frå Jens Følsvik datert 10. mars om bygging av Lisjelidvegen i Kilsfjord. Vegen er omsøkt bygd i vegkl. 8 etter Normaler for bygging av landbruksveier, som er lett traktorveg. Skogbrukssjefen vil på bakgrunn av saksframstillinga tilrå at vegen vert bygd i samsvar med vegnormalen, og etter Forskrift om godkjenning og bygging av landbruksveier av 28.05.2015. Byggefrist er 3 år frå vedtak om bygging.*

### **Handsaming:**

Øyvind Festø, MDG, kom med fylgjande alternativt framlegg:

*Forvaltningsstyret avslår søknaden om bygging av landbruksveg Lisjelidvegen av omsyn til naturmangfald og på bakgrunn av tvilsom økonomisk gevinst i prosjektet.*

### **Røysting:**

Framlegget frå Øyvind Festø fekk ei røyst og fall. Åtte røysta mot.

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken. Ein røysta mot (Festø).

### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016**

*Forvaltningsstyret viser til søknad frå Jens Følsvik datert 10. mars om bygging av Lisjelidvegen i Kilsfjord. Vegen er omsøkt bygd i vegkl. 8 etter Normaler for bygging av landbruksveier, som er lett traktorveg. Skogbrukssjefen vil på bakgrunn av saksframstillinga tilrå at vegen vert bygd i samsvar med vegnormalen, og etter Forskrift om godkjenning og bygging av landbruksveier av 28.05.2015. Byggefrist er 3 år frå vedtak om bygging.*

### **PS 40/16 1519 gbr 12/3 - søknad om deling av tomt med våningshus - handsaming etter jordlova § 12**

Administrasjonen si tilråding:

#### **Frådeling etter jordlova § 12, vedtak:**

*Forvaltningsstyret syner til søknad dagsett 21.09.2015, frå Turid Mork Bakke og Arild Bakke. Det vert søkt om frådeling av bustadtomt på 0,8 daa med påståande våningshus Morkavegen 82.*

*Med heimel i jordlova § 12 går Forvaltningsstyret imot løyve til frådeling slik det er søkt om. Grunngevinga er at frådeling av dette huset, slik det ligg i gardstunet kan føre til vesentlege driftsmessige ulemper og risiko for konflikt mellom bustadeigedomen og landbruksdrifta på eigedomen.*

### **Handsaming:**

Sindre Kvangarsnes, FRP, kom med fylgjande alternativt framlegg:

- 1. Forvaltningsstyret gir løyve til frådeling av bustadtomt på 0,8 daa med påståande våningshus, Morkavegen 82.*
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje at frådelinga kjem i så sterk brukskonflikt med hovedbruket at det kan avslåast med begrunning i § 12 i jordlova. Forvaltningsstyret meiner såleis at fordelane med frådelinga klart vil vere større enn ulempene dette vil medføre.*

### **Røysting:**

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Sindre Kvangarsnes, fekk Kvangarsnes sitt framlegg ni røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster og fall.

#### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016**

- 1. Forvaltningsstyret gir løyve til frådelling av bustadtomt på 0,8 daa med påståande våningshus, Morkavegen 82.*
- 2. Forvaltningsstyret finn ikkje at frådellinga kjem i så sterk brukskonflikt med hovedbruket at det kan avslåast med begrunning i § 12 i jordlova. Forvaltningsstyret meiner såleis at fordelane med frådellinga klart vil vere større enn ulempene dette vil medføre.*

#### **PS 41/16 Dispensasjon frå kommuneplan og pbl. § 1-8 - Gbr 2/79 - flytting av steinvor - utlegging av flytebrygge**

##### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Flytting av voren er eit mindre tiltak som ikkje endrar tilhøva i strandsona i vesentleg grad ut frå dagens situasjon og vil heller ikkje hindre fri ferdsel. Under føresetnad av at voren ikkje endrar verken utforming eller lengd kan ein derfor tilrå at Forvaltningsstyret gir dispensasjon frå kommuneplanen og pbl. § 1-8 for flytting av voren som omsøkt.*
- 2. Utlegging av flytebrygge vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad og det vil framleis vere muleg med ferdsel langs strandsona. Under føresetnad om at det ikkje vert hindringar for fri ferdsel gjennom området kan ein derfor tilrå at det vert gitt dispensasjon frå kommuneplanen og pbl. § 1-8 for utlegging av flytebrygge som omsøkt.*
- 3. Flytting av voren og utlegging av flytebrygge må utførast med varsemd i forhold til miljø og naturmangfald.*

##### **Handsaming:**

##### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016**

- 1. Flytting av voren er eit mindre tiltak som ikkje endrar tilhøva i strandsona i vesentleg grad ut frå dagens situasjon og vil heller ikkje hindre fri ferdsel. Under føresetnad av at voren ikkje endrar verken utforming eller lengd kan ein derfor tilrå at Forvaltningsstyret gir dispensasjon frå kommuneplanen og pbl. § 1-8 for flytting av voren som omsøkt.*
- 2. Utlegging av flytebrygge vil ikkje endre situasjonen i vesentleg grad og det vil framleis vere muleg med ferdsel langs strandsona. Under føresetnad om at det ikkje*

*vert hindringar for fri ferdsel gjennom området kan ein derfor tilrå at det vert gitt dispensasjon frå kommuneplanen og pbl. § 1-8 for utlegging av flytebrygge som omsøkt.*

3. *Flytting av voren og utlegging av flytebrygge må utførast med varsemd i forhold til miljø og naturmangfald.*

## **PS 42/16 Dispensasjon frå kommuneplan - Gbr 27/1 oppføring av naust**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Med grunnlag i at omsøkt tiltak er eit lite tiltak som kan etablerast utan at friluftsiinteressene vert vesentleg sett til side, vert det ut frå ei samla vurdering gitt dispensasjon for oppføring av naust på gbnr. 27/1 med plassering som vist i søknaden på følgjande vilkår:*

- a. *Storleiken på naustet skal ikkje overstige 25 m<sup>2</sup> utbygd areal. Gesimshøgde skal ikkje overstige 2,0 m og maksimal mønehøgde skal ikkje overstige 3,0 m. Takvinkel skal vere mellom 30 og 35 grader og nausta skal byggjast i tråd med lokal byggjeskikk, med tradisjonell ståande trekledning og med torvtekt tak.*
- b. *Det er ikkje høve til å etablere tiltak som er til hinder for bruk av friluftsområdet, dette gjeld også skilting som privat område*
- c. *Tilstrekkeleg tryggleik mot flaum jf. TEK10 §7-2 må dokumenterast før byggeløyve vert gitt.*
- d. *Tiltaket må gjennomførast i varsemd med omsyn til miljø og naturmangfald.*
- e. *Fylkeskommunen må bli varsla dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, ved eventuell opparbeiding.*

### **Handsaming:**

Brev frå Bjørn Magnar Rotevatn datert 05.05.16 var lagt ut på lesebretta den 09.05.16 og i tillegg utdelt på møtet.

Elisabeth Velle Høidal, H, kom med fylgjande endring i pkt. a: Stryke "med tradisjonell ståande trekledning og med torvtekt tak."

Magny Fylling, KRF, kom med framlegg om fylgjande endring i pkt. a: *Storleiken på naustet skal ikkje overstige 30 m<sup>2</sup> utbygd areal.*

### **Røysting:**

Framlegget frå Elisabeth Velle Høidal vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Magny Fylling fekk fire røyster og fall (Fylling, Høidal, Eidseflot og Ilic).

Fem røysta mot.

Tilrådinga frå administrasjonen med endringa frå Høidal vart samrøystes vedteken.



## Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016

*Med grunnlag i at omsøkt tiltak er eit lite tiltak som kan etablerast utan at friluftsiinteressene vert vesentleg sett til side, vert det ut frå ei samla vurdering gitt dispensasjon for oppføring av naust på gbnr. 27/1 med plassering som vist i søknaden på følgjande vilkår:*

- a. Storleiken på naustet skal ikkje overstige 25 m<sup>2</sup> utbygd areal. Gesimshøgde skal ikkje overstige 2,0 m og maksimal mønehøgde skal ikkje overstige 3,0 m. Takvinkel skal vere mellom 30 og 35 grader og nausta skal byggjast i tråd med lokal byggjeskikk.*
- b. Det er ikkje høve til å etablere tiltak som er til hinder for bruk av friluftsområdet, dette gjeld også skilting som privat område.*
- c. Tilstrekkeleg tryggleik mot flaum jf. TEK10 §7-2 må dokumenterast før byggeløyve vert gitt.*
- d. Tiltaket må gjennomførast i varsemd med omsyn til miljø og naturmangfald.*
- e. Fylkeskommunen må bli varsla dersom det blir gjort funn som kan vere av arkeologisk interesse, ved eventuell opparbeiding.*

## **PS 43/16 Gbr 6/25 og 26 - Berkvika - vorar og flytebrygge ved naust/fritidseigedomar**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret finn at omsøkte tiltak vil framstå som svært bastante konstruksjonar i ei elles lite påverka fjørestrekning. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarende strandområde i kommunen.*

*Ut frå dette finn ein ikkje å ville gje dispensasjon frå reglane i plan og bygningslova §1-8 for tiltaket.*

### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken. Ein røysta mot (Kvangarsnes).

## Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016

*Forvaltningsstyret finn at omsøkte tiltak vil framstå som svært bastante konstruksjonar i ei elles lite påverka fjørestrekning. Dispensasjon for tiltaket vil gje ytterlegare privatisering*

*av området, og vil også kunne gje presedensverknad for ei vidare negativ utvikling i dette området, og andre tilsvarende strandområde i kommunen.*

*Ut frå dette finn ein ikkje å ville gje dispensasjon frå reglane i plan og bygningslova §1-8 for tiltaket.*

## **PS 44/16 Gbr 30/194, 304 - Utbygging av Coop-Byggmix på Rotset - justert situasjonsplan -dispensasjon i høve til gjeldande plan.**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Forvaltningsstyret finn ut frå omsyn til trafikkareal og p-areal på Coop -ExtraBygg sitt område og behova knytt til omlegging av krysset Myravegen/Prestegata, at justert planløyning slik det går fram av situasjonsplan XXXXXX kan akseptast, og gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for utbygging av uteområdet og tilgrensande fortausløyning som omsøkt.*
- 2. Spørsmål om setting av kantstein langs austsida av Myravegen slik tomteeigarane her ynskjer, vert å vurdere i pågåande reguleringsarbeid for E39.*

### **Handsaming:**

Justert planløyning vist på situasjonskart motteke 10.05.16 vart utdelt på møtet.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016**

- 1. Forvaltningsstyret finn ut frå omsyn til trafikkareal og p-areal på Coop -ExtraBygg sitt område og behova knytt til omlegging av krysset Myravegen/Prestegata, at justert planløyning slik det går fram av situasjonsplan mott. 10.05.16 kan akseptast, og gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for utbygging av uteområdet og tilgrensande fortausløyning som omsøkt.*
- 2. Spørsmål om setting av kantstein langs austsida av Myravegen slik tomteeigarane her ynskjer, vert å vurdere i pågåande reguleringsarbeid for E39.*

## **PS 45/16 Gbr 34/2 - deling og oppmålingsforretning - tilleggsareal dispensasjon frå plankrav**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Forvaltningsstyret gir dispensasjon frå plan for frådeling av tilleggsareal til hyttetomta gnr 34 bnr 4 på Furneset i samsvar med søknad dagsett 29.10.2015.*

2. *Før bygging på eigedomen kan iverksetjast må naudsynt avklaring i høve til automatisk freda kulturminne på området vere gjennomført i samråd med M.R.Fylkeskommune. Jf vilkår i brev av 20.01.2016.*
3. *Forvaltningsstyret finn ikkje at deling slik søkt om vil svekkje ressursane til eigedomen eller føre til driftsmessige ulemper for landbruksdrift på eigedomen, og gjev med heimel i jordlova § 12 løyve til frådelling.*

**Handsaming:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016**

1. *Forvaltningsstyret gir dispensasjon frå plan for frådelling av tilleggsareal til hyttetomta gnr 34 bnr 4 på Furneset i samsvar med søknad dagsett 29.10.2015.*
2. *Før bygging på eigedomen kan iverksetjast må naudsynt avklaring i høve til automatisk freda kulturminne på området vere gjennomført i samråd med M.R.Fylkeskommune. Jf vilkår i brev av 20.01.2016.*
3. *Forvaltningsstyret finn ikkje at deling slik søkt om vil svekkje ressursane til eigedomen eller føre til driftsmessige ulemper for landbruksdrift på eigedomen, og gjev med heimel i jordlova § 12 løyve til frådelling.*

**PS 46/16 Gbr 105/2 - Tilbygg til hytte i Folkestaddalen - dispensasjon frå kommuneplan**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret finn ikkje at omsøkte tiltak gir vesentleg endra bruk av aktuelt bygg, eller at konsekvensane av bygget vert vesentleg endra sett i høve til grunneigar/nabotilhøve eller ut frå omsyn til risiko i høve skredfare.*

*Forvaltningsstyret finn såleis at fordelane ved tiltaket er langt større enn mogelege ulemper og gir med heimel i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan.*

**Handsaming:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016**

*Forvaltningsstyret finn ikkje at omsøkte tiltak gir vesentleg endra bruk av aktuelt bygg, eller at konsekvensane av bygget vert vesentleg endra sett i høve til grunneigar/nabotilhøve eller ut frå omsyn til risiko i høve skredfare. Forvaltningsstyret finn såleis at fordelane ved tiltaket er langt større enn mogelege ulemper og gir med heimele i plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommunedelplan.*

## **PS 47/16 Gbr 157/5 Deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning-Dispensasjon frå plankrav**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret dispensasjon frå plankrav i gjeldande kommunedelplan for Ulvestadbygda for frådeling av løde-tomt med påståande bygg i samsvar med søknad datert 15.02.2016 og /situasjonsplan datert 3.02.2016.*

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Forvaltningsstyret - 10.05.2016**

*Forvaltningsstyret gir dispensasjon frå plankrav i gjeldande kommunedelplan for Ulvestadbygda for frådeling av løde-tomt med påståande bygg i samsvar med søknad datert 15.02.2016 og /situasjonsplan datert 3.02.2016.*

Møtet slutt kl. 16:00

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
11.05.2016

Unni Strand  
sekr.